FITJAR
KOMMUNE

Nær aktiv saman

PLAN FOR **IDRETT- OG FRILUFTSLIV** 2026–2029

Aktivitet, fellesskap og naturopplevingar for alle



FITJAR KOMMUNE

EIT LEVANDE ØYSAMFUNN

INNHALD

1. Innleiing .....
2. Overordna mål og føringar .....
3. Kunnskapsgrunnlag .....
4. Organisert idrett i Fitjar .....
5. Eigenorganisert aktivitet .....
6. Status frå førre planperiode .....
7. Friluftsliv og rekreasjon .....
8. Område for fri leik og friluftsliv .....
9. Handlingsprogram 2026–2029 .....
10. Avslutning .....
11. Kjelder .....

INNLEIING

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er viktige føresetnader for god helse, livskvalitet, meistring og sosial deltaking gjennom heile livet. Fitjar kommune ønskjer å leggja til rette for eit breitt og inkluderande aktivitetstilbod for alle innbyggjarar gjennom gode anlegg, attraktive nærmiljø og lett tilgjengelege friluftsområde.

Planen byggjer på oppdaterte statlege føringar for planlegging av idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Kunnskapsbaserte behovsvurderingar, berekraft og tverrfagleg samarbeid står sentralt i arbeidet med å utvikla aktivitetstilbod og anlegg i kommunen.

Planstatus

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026–2029 er ei rullering av kommunedelplanen for perioden 2022–2025. Planen skal vera kommunen sitt overordna styringsdokument for utvikling av idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og danne grunnlag for prioritering av tiltak, anleggsutvikling og søknader om spelemidlar.

Frivillig sektor

Fitjar kommune har per i dag ikkje ein eigen plan for frivillig sektor. Kommunen har som mål å integrera ein frivilligdel i kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv så snart som mogleg. Frivillige lag og organisasjonar utgjer ein sentral del av aktivitets- og samfunnslivet i kommunen, og ein ønskjer ei meir samla og heilskapleg planlegging av området.

Vidare planarbeid og rullering

Denne planen gjeld førebels for perioden 2026–2029. Når frivilligdelen er utarbeidd, skal heile planen leggjast ut til ny høyring og gjennomgå ei hovudrullering. I samband med denne hovudrulleringa vil det bli fastsett ny planperiode og eit meir langsiktig perspektiv for arbeidet med idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og frivillig verksemd i Fitjar kommune.

Handlingsprogrammet skal rullerast årleg for å sikra oppdaterte prioriteringar og god samanheng mellom behov, tiltak og økonomiske rammer.

Samandrag

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026–2029 er kommunen sitt strategiske styringsverktøy for utvikling av aktivitetstilbod, anlegg og friluftsområde.

Samanlikna med førre plan legg planen større vekt på folkehelse, inkludering, universell utforming, nærmiljøanlegg, eigenorganisert aktivitet og aktivitet gjennom heile livsløpet. Planen byggjer på oppdaterte nasjonale føringar og skal leggja grunnlag for framtidige prioriteringar og søknader om spelemidlar.

Mål for planen

- Leggja til rette for fysisk aktivitet gjennom heile livet
- Styrkja folkehelse og livskvalitet
- Utvikla inkluderande og tilgjengelege møteplassar og aktivitetstilbod
- Ta vare på og vidareutvikla område for friluftsliv og nærmiljøaktivitet

Bakgrunn for planen

Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er kommunen sitt overordna styringsdokument på området. Planen skal gi eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og leggja til rette for ei målretta utvikling av anlegg, aktivitetsområde og friluftsområde.

Planen omfattar organisert idrett, eigenorganisert fysisk aktivitet og friluftsliv. Eit vedteke plandokument er ein føresetnad for prioritering av anlegg og søknader om spelemidlar.

OVERORDNA MÅLSETTING FOR KOMMUNEN SI SATSING PÅ FYSISK AKTIVITET

Fitjar kommune ønskjer å leggja til rette for eit aktivitetsvennleg lokalsamfunn der det er enkelt å vera fysisk aktiv gjennom heile livet. Dette omfattar organisert idrett, eigenorganisert aktivitet og friluftsliv.

Anlegg, aktivitetsområde og friluftsområde skal utviklast med utgangspunkt i innbyggjarane sine behov og bidra til auka deltaking, folkehelse og livskvalitet. Kommunen vil arbeida for låg terskel for deltaking, eit mangfald av aktivitetstilbod og universelt utforma møteplassar.

Eit særleg satsingsområde i planperioden er å leggja til rette for aktivitet gjennom heile livsløpet. Dette gjeld både trygge og attraktive aktivitetsarenaer for barn og unge og gode føresetnader for at eldre kan oppretthalda helse, funksjonsevne, sosial deltaking og livskvalitet så lenge som mogleg.

Medverknad

Planen er utarbeidd i samarbeid med idrettslag, frivillige organisasjonar, Friluftsrådet Vest og andre relevante aktørar. Han omfattar eit fireårig handlingsprogram som skal rullerast årleg, medan sjølve planen skal reviderast kvart fjerde år.

Prioriterte mål

- Aktivitet gjennom heile livsløpet
- Låg terskel for deltaking
- Inkluderande og universelt utforma anlegg
- Utvikling av nærmiljøanlegg og friluftsområde
- Styrkt samarbeid mellom kommune (tverrsektorialt samarbeid) frivillig sektor og andre aktørar
- Særleg fokus på barn, unge, eldre og personar med behov for tilrettelegging

---

FORHOLD TIL ANDRE PLANAR

Arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er forankra i kommunen sine overordna planar og styringsdokument. Desse skal samla bidra til gode oppvekstvilkår, betre folkehelse og eit aktivt lokalsamfunn.

Kommuneplanen sin arealdel
Kommuneplanen sin arealdel legg føringar for arealforvaltninga i kommunen og har stor betydning for friluftsområde, grønstruktur, leike- og aktivitetsareal og framtidige anlegg for idrett og fysisk aktivitet.
Sikring av viktige friluftsområde og tilrettelegging for allmenn bruk er sentrale omsyn i arealplanlegginga. Barnetråkk-registreringane gir viktig kunnskap om korleis barn og unge nyttar nærmiljøet sitt og er eit viktig grunnlag for vidare planlegging.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020–2040
Samfunnsdelen er kommunen sitt overordna styringsdokument og legg føringar for samfunnsutvikling, tenesteutvikling og arealforvaltning. Folkehelse, berekraftig utvikling og barn og unge er sentrale tema som også ligg til grunn for denne planen.

Andre relevante planar

Fleire kommunale planar har grenseflater mot arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Dette gjeld mellom anna folkehelse, trafikksikkerheit, oppvekst, klima og miljø. God samordning mellom planane er viktig for å fremja fysisk aktivitet, aktiv transport, gode nærmiljø og attraktive friluftsområde for alle aldersgrupper.

EVALUERING AV FØRRE PLAN

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv 2022–2025 hadde særleg fokus på aktivitet, folkehelse og tilrettelegging for alle innbyggjarar.

Planen har vore eit viktig grunnlag for utvikling av anlegg, søknader om spelemidlar og prioritering av tiltak i kommunen. Erfaringane viser at det er viktig å ha ein oppdatert plan for å sikra langsiktig utvikling og forankring av nye prosjekt.

Etter dagens regelverk må større prosjekt som krev kommunal medverknad eller forskottering av spelemidlar vera forankra i vedteken plan. Det er derfor viktig at planen vert revidert jamnleg slik at nye behov og prosjekt kan fangast opp.

SPELEMIDLAR

Spelemiddelordninga skal bidra til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Ordninga omfattar både organisert og eigenorganisert aktivitet, og tilskot kan berre givast til ikkje-kommersielle føremål.

For å kunne søkje spelemidlar må anlegget vera innarbeidd i kommunen sin plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Barn og unge (6–19 år) og personar med nedsett funksjonsevne er prioriterte målgrupper, og universell utforming skal leggjast til grunn ved planlegging og utbygging av anlegg.

Ordinære anlegg og nærmiljøanlegg

Ordinære anlegg er anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet.

Nærmiljøanlegg er utandørs anlegg for eigenorganisert aktivitet i nærleiken av bustadområde og opphaldsområde, og skal vera ope og tilgjengeleg for alle.

Endringar i regelverket frå 2026

Den nye anleggsforskrifta frå 2026 har avgrensa kven som kan søkje om spelemidlar. Kommunar, fylkeskommunar, organisasjonsledd i landsdekkande organisasjonar, enkelte friluftsorganisasjonar og godkjende selskap/stiftingar kan søkje.

Burettslag, velforeiningar, grendalag og bygdelag er ikkje lenger sjølvstendig søknadsberettiga. Desse må samarbeida med ein godkjend søkjar dersom dei ønskjer å realisera nye anlegg.

Ein godkjend søknad gir ikkje automatisk tilskot. Søknadene vert prioriterte innanfor dei årlege økonomiske rammene, og det kan gå fleire år før tilskot vert tildelt.

Mål

- Sikra at aktuelle anlegg vert innarbeidde i kommunal plan.
- Utnytta spelemiddelordninga best mogleg.
- Prioritera anlegg som dekkjer dokumenterte behov.

Tiltak

- Årleg rullering av handlingsprogram og prioriteringsliste.
- Rettleiing til lag og organisasjonar i søknadsprosessen.
- Prioritera tiltak for barn og unge og personar med nedsett funksjonsevne.

FORVENTA FOLKETALSUTVIKLING 2026–2036

Aldersgr.	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036
0–5 år	191	184	190	183	181	183	185	186	189	190	190
6–15 år	418	411	387	390	387	381	367	363	348	352	353
16–19 år	170	177	176	181	178	167	168	162	168	160	150
20–66 år	1782	1785	1783	1768	1762	1768	1768	1772	1767	1769	1770
67–79 år	492	488	497	502	501	498	497	484	485	471	465
80–89 år	118	131	144	154	169	184	202	222	229	242	256
90+ år	33	27	26	27	29	29	26	26	31	35	37
SUM	**3204**	**3203**	**3203**	**3205**	**3207**	**3210**	**3213**	**3215**	**3217**	**3219**	**3221**

Analyse

Folketalet er venta å vere relativt stabilt i planperioden, men alderssamansetninga endrar seg vesentleg. Talet på barn og unge går ned, medan gruppa over 80 år aukar kraftig frå 118 personar i 2026 til 256 personar i 2036.

Utviklinga peikar mot eit aukande behov for universelt utforma anlegg, turvegar, møteplassar og lågterskel aktivitetstilbod. Samstundes er det viktig å oppretthalde attraktive aktivitetstilbod for barn og unge, sjølv om målgruppa blir mindre.

Tiltak som bør prioriterast basert på folketalsutviklinga

- Oppgradering og universell utforming av turstiar og turvegar
- Etablering av fleire kvileplassar med benkar langs sentrale turtrasear
- Betre belysning på viktige gang- og turvegar
- Vidareutvikling av lågterskel aktivitetstilbod for vaksne og eldre
- Styrking av møteplassar som kombinerer fysisk aktivitet og sosialt fellesskap
- Vidareutvikling av nærmiljøanlegg som kan nyttast av fleire generasjonar samtidig
- Betre tilkomst til friluftsområde, badeplassar og utfartsområde for personar med nedsett funksjonsevne
- Vidareutvikling av samanhengande gang- og sykkelvegar som stimulerer til kvardagsaktivitet
- Oppretthalding og vidareutvikling av attraktive aktivitetsområde for barn og unge
- Prioritering av fleirbruksanlegg som kan nyttast av barn, ungdom, vaksne og eldre

---

FOLKEHELSE OG FYSISK AKTIVITET

Fysisk aktivitet er ein viktig føresetnad for god helse, livskvalitet og meistring gjennom heile livet. Samstundes er fysisk inaktivitet framleis ei av dei største folkehelseutfordringane i samfunnet. Folkehelsearbeid handlar om å leggja til rette for gode oppvekstvilkår, førebyggja sjukdom og skapa lokalsamfunn som gjer det enkelt å vera fysisk aktiv.

Deltakinga i organisert idrett er høg blant barn, men går gradvis ned gjennom ungdomsåra. Samstundes har mange behov for andre former for aktivitet enn tradisjonell idrett. Difor er det viktig å leggja til rette for både organisert idrett,

eigenorganisert aktivitet og friluftsliv.



Figur X viser at aktivitetsnivået fell frå barne- til ungdomsalder og er lågast blant unge vaksne. Dette understrekar behovet for å leggja til rette for fysisk aktivitet gjennom heile livsløpet. Noreg har som mål å redusere fysisk inaktivitet innan 2030, noko som ligg til grunn for arbeidet med folkehelse på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

For Fitjar kommune er det viktig å leggja til rette for aktivitet gjennom gode idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, gang- og sykkelvegar, turvegar og lett tilgjengelege friluftsområde. Særleg viktig er det å leggja til rette for barn og unge, eldre, personar med nedsett funksjonsevne og andre som møter barrierar for deltaking.

Gjennom samarbeid mellom kommunen, frivillige lag og organisasjonar, grunneigarar og andre aktørar skal Fitjar utviklast som eit aktivitetsvennleg lokalsamfunn som fremjar helse, trivsel og fellesskap.

Aktuelle utfordringar

- Fysisk inaktivitet, overvekt og aukande stillesitjing er blant dei største folkehelseutfordringane. Digitalisering, auka skjermbruk og mindre kvardagsaktivitet har ført til redusert naturleg rørsle gjennom dagen.
- Aktivitetsnivået går særleg ned gjennom ungdomsåra, og mange oppfyller ikkje dei nasjonale anbefalingane for fysisk aktivitet. Samtidig er overvekt og fedme framleis ei utfordring blant barn og unge.

- For Fitjar kommune er det derfor viktig å leggja til rette for attraktive aktivitetstilbod, trygge ferdselsårer, nærmiljøanlegg og gode friluftsområde slik at fysisk aktivitet kan vera ein naturleg del av kvardagen for alle.

INTEGRERING OG INKLUDERING

Fitjar har dei siste åra fått ei meir mangfaldig befolkning gjennom arbeidsinnvandring, familieinnvandring og busetjing av flyktningar.
Idrett, friluftsliv og andre fritidsaktivitetar er viktige møteplassar som fremjar deltaking, tilhøyrsle og inkludering på tvers av språk, kultur og bakgrunn.
Kommunen vil leggja til rette for at alle innbyggjarar skal ha like moglegheiter til å delta i både organisert og eigenorganisert aktivitet.
Særleg viktig er det å leggja til rette for deltaking blant barn og unge og å styrkja samarbeidet mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar.

FITJAR IDRETTSRÅD

Fitjar idrettsråd er avvikla og har i dag ingen aktivitet. Fitjar idrettslag overtok rolla som talerøyr for idretten i kommunen, men har ikkje hatt kapasitet til å ivareta eit overordna idrettsrådsarbeid. Reetablering av eit idrettsråd kan styrkja samarbeidet mellom kommunen og idretten.

Mål

- Sikra god dialog mellom kommunen og idretten.

Tiltak	Status
Vurdere reetablering av Fitjar idrettsråd	Prioritert

REINT IDRETTSLAG OG ANTIDOPING

Fitjar kommune ønskjer sunne og trygge idrettsmiljø med nulltoleranse for doping. Fitjar idrettslag vart sertifisert som *Reint idrettslag* i 2013 og sist resertifisert i 2020.

Mål

- Nulltoleranse for doping.
- Auka kunnskap om antidopingarbeid i idretten.

Tiltak

Tiltak	Status
Oppmode om ny sertifisering som Reint idrettslag	Prioritert
Informasjons- og haldningsskapande arbeid	Løpande

SLT- Rus og kriminalitetsførebygging

Fitjar kommune har etablert ei tverrfagleg SLT-gruppe med representantar frå skule, helse, NAV, frivillig sektor, næringsliv og politi.

Gruppa arbeider med førebygging blant barn og unge og er ein naturleg samarbeidspartnar i arbeid knytt til rusførebygging og antidoping.

ORGANISERT OG EIGENORGANISERT AKTIVITET I FITJAR KOMMUNE

Kommunen skal legga til rette for både organisert idrett, eigenorganisert fysisk aktivitet og friluftsliv. Planleggingа skal byggja på behovsvurderingar, medverknad og kunnskap om lokale utviklingstrekk. Innbyggarane skal sikrast gode tilbod heile livet.

ORGANISERT IDRETT:

Den organiserte idretten er ein viktig arena for fysisk aktivitet, meistring, fellesskap og folkehelse. Kommunen skal leggja til rette for gode rammevilkår for idrettslaga.

Mål

Alle innbyggjarar skal ha moglegheit til å delta i organisert idrett ut frå eigne føresetnader og interesser.

Satsingsområde
Styrkja informasjon om aktivitetstilbod.

- Leggja til rette for breiddeidrett og lågterskelaktivitetar.
- Støtta rekruttering og frivillig engasjement.
- Utvikla anlegg i tråd med dokumenterte behov.

FITJAR IDRETTSLAG

Fitjar Idrettslag er den største frivillige organisasjonen i kommunen og arbeider etter visjonen *«Idrett for alle»*. Laget tilbyr aktivitetar innan fotball, handball, friidrett, badminton, allidrett, orientering, stisykling og treningssenter.

Ved utgangen av 2025 hadde idrettslaget 944 medlemmer, ein auke på 231 medlemmer sidan 2021. Utviklinga viser at idrettslaget har ei viktig rolle som aktivitetsarena, møteplass og bidragsytar til folkehelsa i kommunen.

MEDLEMSUTVIKLING 2021–2025

År	Kvinner	Menn	Totalt
2021	352	361	713
2022	305	407	712
2023	332	459	791
2024	392	532	924
2025	413	531	944

Medlemstalet har auka med om lag 32 % i perioden, frå 713 medlemmer i 2021 til 944 medlemmer i 2025.

MEDLEMSFORDELING 2025

Aktivitet	Medlemmer
Treningssenter	569
Fotball	161
Handball	51
Friidrett	40
All idrett	30
Badminton	19
Stisykkel	14
Turn	12
Orientering	6
Støttemedlemmer	42

Treningssenteret er den største gruppa i idrettslaget og står for ein stor del av medlemsveksten dei siste åra.

Mål

- Sikra eit breitt aktivitetstilbod for alle aldersgrupper.
- Fremja inkludering, meistring og fysisk aktivitet.
- Vidareutvikla anlegg og aktivitetstilbod i takt med medlemsutviklinga.
-

Tiltak	Status
Oppretthalde breitt aktivitetstilbod	Løpande
Styrkja rekruttering og frivillig engasjement	Løpande
Sikra tilstrekkeleg treningstid og anleggskapasitet	Prioritert
Vidareutvikla lågterskeltilbod	Løpande

FOTBALL
Fotball er den største idretten i Fitjar med om lag 230 aktive spelarar frå seks år og oppover, inkludert eit damelag. Gruppa har stor aktivitet gjennom heile året og arrangerer mellom anna cupar og fotballskule.

Status og utfordringar

Aukande medlemstal gir behov for meir treningstid og større anleggskapasitet. Kunstgrasbanen er nær fullt utnytta, og avgrensa hallkapasitet vinterstid er ei utfordring.

Mål

- Sikra gode trenings- og konkurranseforhold for alle lag.
- Oppretthalda eit breitt aktivitetstilbod for barn, unge og vaksne.

Tiltak	Status
Vurdera framtidig auke i trening- og anleggskapasitet	Langsiktig behov
Sikra hall tid for dei yngste aldersgruppene	Prioritert

BADMINTON

Badmintongruppa har 23 aktive spelarar, hovudsakleg barn og unge. Gruppa har god rekruttering, tre faste treningar i veka og deltek på turneringar.

Mål

- Oppretthalda og vidareutvikla badminton tilbodet.

Tiltak	Status
Tre faste treningar per veke	Løpande
Leggja til rette for rekruttering og turneringsdeltaking	Løpande

ORIENTERING
Orienteringsgruppa har lågare aktivitet enn tidlegare, men driv framleis stolpejakt og forvaltar orienteringskart i kommunen. Kartgrunnlaget må oppdaterast jamleg på grunn av endringar i terrenget.

Mål

- Oppretthalda orienteringsaktivitet og stolpejakt.
- Sikra oppdaterte kart over sentrale aktivitetsområde.

Tiltak	Status
Revidera eksisterande kart	Prioritert
Oppdatera sentrumsnære kartområde	Aktuelt
Rekruttera nye frivillige	Løpande

FRIIDRETT

Friidrettsgruppa har om lag 40 aktive medlemmer og står bak fleire viktige arrangement i kommunen. Anlegget krev jamleg vedlikehald, og lyssetting av løpebana er eit prioritert tiltak.

- Oppretthalda og vidareutvikla friidrettstilbodet i kommunen.
- Sikra funksjonelle og attraktive trenings- og konkurranseanlegg.

Tiltak	Status
Vedlikehald og vidareutvikling av anlegget	Løpande
Lyssetting av løpebane	Planlagt

STISYKLING

Interessa for stisykling er aukande, og løypene ved Olstjørn er mykje nytta. Tilbodet er avhengig av vidare vedlikehald og utvikling.

Mål

- Utvikla attraktive anlegg for stisykling.
- Sikra låg terskel for deltaking.

Tiltak	Status
Utviding av løype ved Olstjørn	Aktuelt
Nye stisykkelløyper	Langsiktig mål
Pumptrack/ferdigheitsløype	Langsiktig mål
Vedlikehald av utlånssyklar	Løpande

TRENINGSSENTER

Fitjar Treningssenter er den største gruppa i Fitjar IL og tilbyr treningstilbod for alle aldersgrupper. Senteret er ein viktig arena for fysisk aktivitet og folkehelse.

Tiltak	Status
Vidareutvikla treningstilbodet	Løpande
Oppgradera utstyr ved behov	Løpande

FITJAR SHOTOKAN KARATESENTER

Fitjar Shotokan Karatesenter (Mushin Dojo) er ein klubb i vekst med hovudvekt på barn og ungdom. Klubben trenar i gymnastikksalen ved Øvrebygda skule og er tilslutta JKA Norway og Japan Karate Association.

Karate er eit lågterskel aktivitetstilbod som kombinerer fysisk aktivitet, koordinasjon, sjølvdisiplin og meistring, og er eit viktig supplement til dei tradisjonelle lagidrettane i kommunen.

FITJAR KFUK-KFUM-SPEIDARAR

Fitjar KFUK-KFUM-speidarar er eit tilbod for barn og unge frå 1.–10. klasse. Speidargruppa legg vekt på friluftsliv, fellesskap, meistring og læring gjennom aktivitetar i naturen. Aktiviteten omfattar mellom anna møte, turar, leirar og friluftsaktivitetar gjennom året.

ØVREBYGDA 4H

Øvrebygda 4H er ein aktiv organisasjon for barn og unge med vekt på friluftsliv, praktisk læring, fellesskap og meistring. Gjennom aktivitetar, prosjekt, turar og leirar gir 4H medlemmene erfaringar som styrkjer ansvarskjensle, samarbeidsevner og tilknyting til natur og lokalsamfunn.

FITJAR SKYTTARLAG

Fitjar Skyttarlag har 245 medlemmer, der 40 er under 18 år. Laget har eit aktivt tilbod med trening, skyteskule og stemnedeltaking. Laget har faste treningar gjennom heile året, arrangerer skyteskule og storviltprøve, og deltek på stemner lokalt og nasjonalt.

Nye elektroniske blinkar på 100-metersbanen er planlagde i planperioden.

Tiltak	Status
Vidareutvikling av aktivitet og anlegg	Løpande
Elektroniske blinkar på 100 m-banen	Planlagt 2028

Mål

- Oppretthalde eit aktivt skyttarmiljø for alle aldersgrupper.
- Vidareutvikle anlegga og rekrutteringa blant barn og unge.

Tiltak	Status
Nye elektroniske blinkar på 100 m-banen	Planlagt 2028
Skyteskule for barn og unge	Løpande
Vidareutvikling av anlegga	Løpande

AKTIVITETSTILBOD FOR ELDRE

Fitjar har fleire lågterskel aktivitetstilbod som bidreg til fysisk aktivitet, sosial deltaking og førebygging av einsemd blant eldre.

Fredagstrimmen
Felles turgruppe med utgangspunkt frå Sportellet. Turane vert tilpassa deltakarane sitt funksjonsnivå.

Godtrimmen
Fallførebyggjande trening for eldre i regi av Frivilligsentralen i Fitjar kultur- og idrettsbygg.

Aktiv saman
Samarbeid mellom Frivilligsentralen, Fitjar vidaregåande skule og kommunen. Tilbodet skal styrkje sosiale nettverk og bidra til aktivitet og trivsel blant eldre.

Modne damer
Fast styrke- og kondisjonstrening to dagar i veka for kvinner i godt vaksen alder. Tilbodet vert organisert av fysioterapitenesta.

Mediyoga
Medisinsk yoga i regi av fysioterapitenesta med fokus på bevegelegheit, balanse og meistring.

FITJAR RACINGTEAM

Fitjar Racingteam har tre aktive medlemmer

Klubben har oppnådd gode resultat i både vestlands- og noregsmeisterskap og har hevda seg på høgt nasjonalt nivå, særleg innan crosskart. Trening og konkurransar skjer hovudsakleg på Vestlandet.

KRIK
KRIK (Kristen Idrettskontakt) er ikkje lenger aktiv i Fitjar.

KULTURSKULEN

Kulturskulen tilbyr danseundervisning gjennom fleire grupper for barn og unge. Undervisninga omfattar grunnleggjande danseteknikk, styrke, koordinasjon og innøving av koreografiar til konsertar og andre arrangement. Tilbodet gir deltakarane høve til fysisk aktivitet, meistring og kreativ utfalding.

EIGENORGANISERT AKTIVITET

Eigenorganisert aktivitet omfattar aktivitetar som ikkje skjer i regi av lag eller organisasjonar, til dømes trening, mosjon og friluftsliv. Dette er ein viktig del av kvardagsaktiviteten for mange innbyggjarar. Slike aktivitetar er viktige for folkehelsa og gir låg terskel for deltaking.

Mål

Alle innbyggjarar skal ha tilgang til attraktive og tilgjengelege område for eigenorganisert aktivitet og friluftsliv.

Satsingsområde:

- Leggja til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet gjennom heile livet.
- Vidareutvikla nærmiljøanlegg, møteplassar og aktivitetsområde med låg terskel for deltaking.
- Sikra tilgang til attraktive område for nærfriluftsliv og kvardagsaktivitet nær der folk bur.
- Leggja universell utforming til grunn ved utvikling og oppgradering av anlegg og aktivitetsområde.

- Fremja inkludering og deltaking for alle, uavhengig av alder, funksjonsevne, bakgrunn og økonomi.
- Utvikla aktivitetstilbod og anlegg på grunnlag av dokumenterte behov, medverknad og kunnskapsbasert planlegging.
- Styrkja samanhengande gang-, sykkel- og turvegnett som fremjar dagleg fysisk aktivitet.
- Samarbeida med frivillige lag, organisasjonar og andre aktørar for å utvikla attraktive aktivitets- og friluftsområde.

Tiltak

Tiltak	Status
Vidareføre eksisterande aktivitetstilbod	Løpande
Sikre areal for leik og friluftsliv	Løpande
Rettleie i søknader om spelemidlar og tilskot	Løpande

FITJAR DISC-GOLFPARK

Fitjar DiscGolfPark ved Olstjørno vart opna i 2023 og består av ni hol. Anlegget ligg i eit attraktivt naturområde og er eit lågterskel aktivitetstilbod for alle aldersgrupper.

Banen vert nytta av både lokale brukarar og tilreisande. Erfaringane viser samstundes behov for vidare vedlikehald og mindre oppgraderingar, særleg knytt til vegetasjon, underlag og framkome.

TEAM FITJAR

Team Fitjar er ei eigenorganisert sykkelgruppe som samlar sykkelinteresserte til trening og deltaking på sykkelløp.

STATUS TILTAK FRÅ FØRRE PLANPERIODE 2022–2026

Ordinære anlegg:

Tiltak	Status
Skyttarhus	Utført
Miniatyrskytebane	Utført
Rehabilitering av symjehall	Utført
Rehabilitering av kunstgrasbane	Utført
Lysanlegg kunstgrasbane	Utført
Nytt dekke løpebane	Utført

Friluftsliv og nærmiljøanlegg:

Badeplassar og kystfriluftsliv

Tiltak	Status
Toalettanlegg Breiavikjo badeplass	Utført
Oppgradering Breiavikjo badeplass	Utført
Badeplass Vestbøstad	Utført
To flytebryggjer Smedholmen	Utført
Bryggje Teløy	Utført

Turstiar, ferdselsårer og utfartsområde

Tltak	Status
Parkeringsplass Dalshaugane–Dagsturhytta	Skal utvidast
Parkeringsplass Rydlandssaga	Skal rehabiliterast
Tursti Surefjellet	Skal rehabiliterast
Informasjonstavler på Dalshaugane	Utført
Skilting av turstiar	Utført
Utbetring av sti til Tveitaslottet	Utført
Bru over Tveitaelva på turstien til Tveitaslottet	Utført
Parkeringsplass Rydlandsaga–Morkavatnet–Barlindvatnet	Utført
Oppgradering av tursti Dalshaugane og ny bru	Utført
Bru over Tinnselva ved Rydlandsaga	Utført
Parkering ved Rydlandsaga	Under arbeid
Oppgradering og skilting Øvrebygda–Surefjellet	Under vurdering
Kulturløypa til Likvegen og kolerakyrkjegarden	Ikkje utført
Skilting av rundløype Sentrum–Moahagen	Ikkje utført
Oppgradering av sti til gamle saga ved Rydlandsaga	Ikkje utført
Oppgradering av tursti i Rossneset	Ikkje utført

STATUS IDRETTSANLEGG I FITJAR KOMMUNE

Ordinære anlegg

Anlegg	Lokalisering	Eigar
Fitjar kultur- og idrettsbygg (FKIB)	Sentrum	Fitjar kommune
Fotballbane gras	Fitjar idrettspark	Fitjar kommune
Fotballbane kunstgras	Fitjar idrettspark	Fitjar kommune
Friidrettsanlegg	Fitjar idrettspark	Fitjar kommune

Nærmiljøanlegg

Anlegg	Lokalisering	Eigar
Tennisbane	Fitjar idrettspark	Fitjar kommune
Kunstgrasbane	Dåfjorden	Dåfjorden vel
Orienteringskart og skulekart	Fleire område	Fitjar idrettslag
Stolpejaktkart Kråko	Kråko	Fitjar idrettslag

Innandørsanlegg

Anlegg	Lokalisering	Eigar
Gymnastikksal	Rimbareid	Fitjar kommune
Gymnastikksal	Øvrebygda	Fitjar kommune
Symjehall	Rimbareid	Fitjar kommune

Skyteanlegg

Anlegg	Lokalisering	Eigar
Skytebane 200 m	Årskog	Fitjar skyttarlag
Skyttarhus	Årskog	Fitjar skyttarlag
Miniatyrskytebane	Årskog	Fitjar skyttarlag

Årlege kommunale driftskostnader

Anleggstype	Årleg kostnad	Merknad
Idrettsanlegg	kr 374 856	Kommunen overtek drift
Kontingent Friluftsrådet Vest	kr 94 454	Medlemsavgift
Symjehall	kr 430 000	Drift og vedlikehald

FKIB	kr 250 000	Kommunalt driftstilskot

STATUS KOMMUNALE IDRETTSANLEGG

Fitjar kommune eig fleire sentrale idrettsanlegg. Frå 2027 skal kommunen overta drift og vedlikehald av idrettsanlegga, medan Fitjar idrettslag framleis har ansvar for aktivitetstilbodet.

Tiltak	Status
Kommunal overtaking av drift og vedlikehald	2027
Lyssetting av løpebane ved Fitjar idrettspark	Planlagt 2027

FRILUFTSLIV OG REKREASJON

Fitjar kommune har rike naturressursar som gir gode moglegheiter for friluftsliv, naturopplevingar og rekreasjon gjennom heile året. Friluftsliv er ein viktig del av folkehelsearbeidet og bidreg til fysisk aktivitet, livskvalitet og sosial deltaking.

Nasjonale føringar legg vekt på at alle skal ha moglegheit til å delta i friluftsliv, uavhengig av alder, funksjonsevne, bakgrunn eller økonomi. Særleg vert nærfriluftsliv, tilgang til natur der folk bur og utvikling av attraktive ferdselsårer framheva som viktige verkemiddel for å fremje dagleg fysisk aktivitet og gode oppvekstvilkår.

Frivillige lag og organisasjonar, grunneigarar og eldsjeler gjer ein viktig innsats gjennom merking, rydding og vedlikehald av stiar og friluftsområde. Dette arbeidet er avgjerande for å sikre god tilgang til naturen for både innbyggjarar og tilreisande.

SENTRALE FØRINGAR FOR PLANPERIODEN

- nærfriluftsliv og god tilgang til natur der folk bur
- inkludering og deltaking for alle
- universell utforming der det er mogleg
- sikring av grøntområde og friluftsområde gjennom arealplanlegging
- gode oppvekstvilkår og tilgang til natur for barn og unge
- friluftsliv som verkemiddel for folkehelse og livskvalitet
- utvikling og vedlikehald av stiar, turvegar og andre ferdselsårer

MÅL
sikre god tilgang til attraktive friluftsområde i heile kommunen

- fremje friluftsliv som kjelde til helse, trivsel og naturopplevingar
- leggje til rette for universelt utforma friluftsanlegg der dette er mogleg
- ta vare på og vidareutvikle viktige friluftsområde og ferdselsårer
- styrkje samarbeidet med frivillige organisasjonar og grunneigarar.

UNIVERSELL UTFORMING

Fitjar kommune gjennomførte i 2021 kartlegging av sentrum, badeplassar, fiskeplassar og andre friluftsområde. Målet er å gjere både tettstaden og friluftsområda meir tilgjengelege for alle brukargrupper.

Kartlegginga er ferdigstilt, men arbeidet med oppfølging og utbetring må vidareførast.

MÅL

- Betre tilgjenge til offentlege bygg og friluftsområde.
- Sikre HC-parkering, HC-toalett og kvileplassar der dette er naturleg.
- Leggje universell utforming til grunn ved nye tiltak og oppgraderingar.

Tiltak	Status
Kartlegging av universell utforming	Utført
Oppfølging av registrerte avvik	Løpande
Universell utforming ved nye prosjekt	Løpande

PLAN FOR FRILUFTSLIVETS FERDSELSÅRER

Fitjar kommune deltok i 2021 i det fylkeskommunale prosjektet *Friluftslivets ferdselsårer*. Prosjektet kartlegg turstiar, turvegar og tilkomst til friluftsområde, med mål om å sikre gode og samanhengande ferdselsårer for innbyggjarane.

Arbeidet er i hovudsak gjennomført, men planen skal ferdigstillast som temaplan.

MÅL

- Ferdigstille plan for friluftslivets ferdselsårer innan 2027.
- Sikre gode og samanhengande turtilbod i nærmiljøet.

Tiltak	Status
Kartlegging av ferdselsårer	Pågår
Utarbeiding av temaplan	Pågår
Politisk handsaming	Planlagt 2027

FRILUFTSANLEGG

Friluftsanlegg i kommunen

Anlegg	Aktivitet	Eigar	Driftsansvar
Smedholmen	Bading, turgåing, båtutfart	Staten	Friluftsrådet Vest
Teløy	Bading, båtutfart	Staten	Friluftsrådet Vest
Breiavikjo	Bading, rasting	Fitjar kommune	Friluftsrådet Vest
Turstiar	Turgåing og rekreasjon	Fleire eigarar	Kommune/frivillige

MÅL

- Oppretthalde og vidareutvikle eksisterande friluftsanlegg.
- Auke tilgjenge og kvalitet på friluftstilboda.
- Sikre god drift og vedlikehald.

NÆRMILJØANLEGG OG FRILUFTSLIVSANLEGG

Nasjonale føringar legg vekt på anlegg som stimulerer til dagleg fysisk aktivitet og kan nyttast av fleire brukargrupper.

Fleirbruksanlegg, nærmiljøanlegg og friluftslivsanlegg skal fungere som inkluderande møteplassar for barn, unge, vaksne og eldre. Universell utforming skal leggjast til grunn der dette er mogleg.

MÅL

- Prioritere anlegg som fremjar aktivitet i nærmiljøet.
- Utvikle møteplassar som kan nyttast av fleire brukargrupper.
- Leggje til rette for lågterskel aktivitetstilbod.

SIKRA AREAL FOR FRILUFTSLIV OG OMSYNSSONER

Gjeldande kommuneplan har sikra omsynssoner på fleire statleg sikra friluftsområde, mellom anna Tranøy, Straumøy, Teløy og Smedholmen.

I tillegg bør viktige badeområde, leikeområde og nærturområde vurderast i framtidig arealplanlegging.

Aktuelle område

- Søndre del av Teløy
- Vest på Tranøy
- Søndre del av Ivarsøy
- Bade- og fiskeplassar registrert gjennom Barnetråkk
- Vestbøstad
- Fitjarstølane nord og sør
- Rossneset
- Sentrumsnært rekreasjonsområde ved sjøen

MÅL

- Sikre viktige frilufts- og rekreasjonsområde for framtida.
- Styrkje omsynet til friluftsliv i arealplanlegginga.

FRILUFTSRÅDET VEST

Friluftsrådet Vest forvaltar og legg til rette fleire viktige friluftsområde i kommunen, mellom anna Breiavikjo, Dalshaugane, Rydlandssago, Teløy, Smedholmen, Tranøy og Straumøy.

Det er gjennomført ei rekkje tiltak dei siste åra, mellom anna etablering av turstiar, flytebryggjer, toalettanlegg, parkeringsløysingar og skilting. Arbeidet har gjort områda meir tilgjengelege for både fastbuande og tilreisande.

I komande planperiode vil Friluftsrådet vidareføre arbeidet med drift, vedlikehald og utvikling av områda.

MÅL

- Sikre god drift av dei statleg sikra friluftsområda.
- Vidareutvikle tilrettelegginga for sjø- og landbasert friluftsliv.

Tiltak	Status
Utviding av parkeringsplass Dalshaugane	Planlagt

Oppgradering av flytebryggjer	Aktuelt
Vidare utvikling av Longøy	Pågår
Nytt toalett på Smedholmen	Aktuelt
Tursti og bryggje på Straumøy	Under vurdering

DNT STORD-FITJAR

DNT Stord-Fitjar er lokallag under Bergen og Hordaland Turlag og arbeider for å fremja eit enkelt, trygt og naturvennleg friluftsliv for alle. Laget driv merking og vedlikehald av turstiar, skilting, fellesturar og drift av dagsturhytta Tveitaslottet. DNT er ein viktig samarbeidspartnar for Fitjar kommune i arbeidet med å utvikla friluftsliv, ferdselsårer og attraktive nærturområde.

Mål

Fremja friluftsliv og naturopplevingar for alle.

- Sikra trygge og attraktive turtilbod.
- Vidareutvikla stiar, skilting og ferdselsårer.

Prioriterte tiltak

Tiltak	Status
Vedlikehald og vidareutvikling av stinett	Løpande
Oppdatering av skilting og informasjon	Løpande
Drift av dagsturhytta Tveitaslottet	Løpande
Utbetring av tilkomst og parkeringsløysingar ved utfartsstader	Prioritert
Universell utforming der det er mogleg	Prioritert

Prioriterte tiltak i planperioden

Mål

- Sikra trygge og attraktive turstiar og nærturområde.
- Betra tilkomsten til viktige friluftsområde.
- Leggja til rette for friluftsliv for alle.
- Auka tilgjenge der det er mogleg.

Tiltak	Status
Vidareutvikla og oppgradera eksisterande stinett	Prioritert
Forbetra skilting og informasjon	Prioritert
Utbetra tilkomst og parkeringsløysingar ved utfartsstader	Prioritert
Gjennomføra tiltak for universell utforming	Prioritert

Sunnhordland Padleklubb

Sunnhordland Padleklubb har om lag 60 medlemmer frå fleire kommunar i regionen. Klubben tilbyr kurs, turar og aktivitetsdagar og disponerer fleire kajakkar til bruk i kurs og utlån.

Padling gir gode moglegheiter for naturopplevingar, fysisk aktivitet og friluftsliv for både unge og vaksne.

DAGSTURHYTTA TVEITASLOTTET

Dagsturhytta i Tveitakleivo vart etablert som del av den fylkeskommunale dagsturhytteordninga. Hytta er eit mykje brukt turmål og eit viktig lågterskeltilbod for innbyggjarar og besøkande.

DNT Stord-Fitjar har ansvar for den daglege drifta, medan Fitjar kommune har som eigar ansvar for større vedlikehaldsoppgåver.

Mål

- Oppretthalde dagsturhytta som eit attraktivt turmål.
- Sikre godt vedlikehald og tilgjenge for alle brukargrupper.

Tiltak	Status
Vedlikehald av dagsturhytta	Løpande
Beising av terrasse	Planlagt

Osternes Velforeining

KVELDSTURHYTTA

på Tuftelandsfjellet. Hytta er open for ålmenta og har utvikla seg til å bli eit populært turmål. I tilknyting til hytta er det etablert rundløype som gjer området attraktivt for både korte og lengre turar.

Mål

Oppretthalde Kveldsturhytta som eit attraktivt turmål.

Tiltak	Status
Drift og vedlikehald av hytta	Løpande
Vedlikehald av rundløype	Løpande

SMEDHOLMEN

Fitjar kommune, Bergen og Hordaland Turlag, Smedholmen Kystlag og andre samarbeidspartnarar arbeider med planar om å utvikla Smedholmen som kystledhytte.

Planane omfattar oppgradering av bygningane, nytt sanitæranlegg, tilkopling til kommunalt vatn og betre tilkomst. Det er også planlagt sti og flytebryggjer mellom Kalvaneset og Smedholmen, samt utlån av robåtar for besøkande.

MÅL

- Utvikle Smedholmen som eit attraktivt mål for kystfriluftsliv.
- Betre tilgjenge og bruk av området.
- Ta vare på kultur- og friluftsverdiane på holmen.

Tiltak	Status
Oppgradering av kystledhytte	Planlegging
Nytt sanitærbygg	Planlagt
Tilkopling til kommunalt vatn	Planlagt
Tilkomststi og flytebryggjer	Planlagt
Merkt rundløype på Smedholmen	Aktuelt

LONGØYO

Longøyo er eigd av Friluftsrådet Vest og vert forvalta og utvikla av Venelaget for Longøyo gjennom restaurering, vedlikehald og tilrettelegging av eigedomen. Øya er eit viktig utfartsmål for innbyggjarar, friluftsinteresserte og båturistar, og har potensial for auka bruk gjennom vidare tilrettelegging for opphald, ferdsel og aktivitet.

Mål

- Vidareutvikla Longøyo som eit attraktivt frilufts- og rekreasjonsområde.
- Auka tilgjenge og bruk for innbyggjarar, tilreisande og båturistar.
- Ta vare på kulturmiljøet og bygningsmassen på øya.
- Leggja til rette for universell utforming, opphald og aktivitet der det er mogleg.

Tiltak	Status
Restaurering og tilrettelegging av bygningsmiljøet på Longøyo	Pågår
Arbeida vidare med attoppføring av løa	Planlagt
Betra tilkomst og kapasitet ved flytebryggja	Planlagt
Etablera gangveg og tilrettelegging for universell utforming	Planlagt

Vidareutvikla stiar, friluftsområde og utfartsmål på øya	Løpande
Etablera skilting og informasjon for besøkande	Prioritert
Leggja til rette for auka bruk av Longøyo som rekreasjonsområde og møteplass	Løpande

OMRÅDE FOR FRI LEIK OG FRILUFTSLIV

BARNETRÅKK

Barnetråkkregistreringar er gjennomførte ved alle skular og barnehagar i Fitjar kommune. Registreringane viser kor barn og unge ferdast, leikar og oppheld seg, og er eit viktig grunnlag for kommuneplanlegginga.

Særleg viktig er det å ta vare på registrerte badeplassar, fiskeplassar, leikeområde og naturområde som vert nytta av barn og unge.

Mål

- Sikre gode natur- og leikeområde i nærmiljøet.
- Leggje Barnetråkkregistreringane til grunn i planarbeid.
- Ta vare på område som fremjar fri leik og fysisk aktivitet.

Tiltak	Status
Bruke Barnetråkk i planarbeid	Løpande
Sikre viktige leike- og naturområde	Løpande

BADEPLASSAR

Fitjar har fleire attraktive bade- og rekreasjonsområde, mellom anna Smedholmen, Søre Teløy og Breiavikjo og Jutvik i Dåfjorden. Badeplassane er viktige møteplassar for friluftsliv og rekreasjon.

Per i dag er berre Breiavikjo som er universelt utforma.

Mål

- Utvikle gode bade- og rekreasjonsområde.
- Auke graden av universell utforming i planperioden.

Tiltak	Status
Universell utforming av badeplassar	Prioritert
Oppgradering av eksisterande anlegg	Løpande

Fiske

Fitjar har gode høve for fritidsfiske både i sjø og ferskvatn. Storavatnet har bestandar av aure og røye, medan Kjærelvo er eit sjøaureførande vassdrag.

Gjennom Fitjar Fjellsameige kan ein låne båt til fiske i fleire fjellvatn.

Mål

- Leggje til rette for tilgjengelege fiskeopplevingar.
- Auke tilgangen til universelt utforma fiskeplassar.

Tiltak	Status
Universell utforming av fiskeplassar	Prioritert
Informasjon om fisketilbod	Løpande

GAPAHUKAR

Fitjar har fleire gapahukar som vert nytta av skular, barnehagar, frivillige lag og friluftsinteresserte.

Eksisterande gapahukar

- Rydlandsaga
- Fiskaneset

- Kvednavatnet
- Rossneset (Konsulatet)
- Rimbareid skule
- Kidnavatnet
- Klovadalstjødno (4H)

Mål

- Oppretthalde og vidareutvikle eksisterande friluftstilbod.
- Sikre god standard på gapahukar og tilkomst.

Tiltak	Status
Vedlikehald av eksisterande gapahukar	Løpande
Vurdere behov for nye tilretteleggingstiltak	Ved behov

DÅFJORDEN VELFOREINING

Dåfjorden Velforeining har dei siste åra gjennomført ei rekkje tiltak for friluftsliv, nærmiljøaktivitet og møteplassar. Området omfattar mellom anna kunstgrasbane, aktivitetsområde ved skulen, akebakke, leikeområde, turstiar og badeplassar.

Langs turstien mellom Selevik skule og Fiskaneset er det etablert Tarzan-løype med gapahuk, zipline, klatrejungel og belysning. Badeplassen i Jutavika er oppgradert med klopper, og parkeringsplassen ved Selevik skule er rusta opp som utgangspunkt for fleire turstiar.

Mål

- Vidareutvikle aktivitets- og friluftsområda i Dåfjorden.
- Sikre gode møteplassar for barn, unge og familiar.
- Styrkje tilgangen til turstiar, badeplassar og nærmiljøanlegg.

Tiltak	Status
Utviding av parkeringsplass ved Svartasmoget	Under arbeid
Tarzan-løype og aktivitetsområde	Utført
Oppgradering av Jutavika badeplass	Utført
Oppgradering av akebakke på Westerheim	Utført
Sperrenett og oppgradering av skuleanlegg	Pågår
Oppgradering av leikeområde på Fiskaneset	Pågår
Turveg langs sjøkanten ved Verven	Under arbeid
Bru over innløpet ved Verven	Planlagt
Oppgradering av Småvikane badeplass	Pågår

ØVREBYGDA VELFOREINING

Øvrebygdo Velforeining arbeider aktivt med tilrettelegging av turstiar og friluftsområde i bygda. Særleg står området rundt Surefjellet sentralt.

MÅL

- Betre tilkomsten til Surefjellet.
- Auke tilgjenge for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.
- Synleggjere kultur- og naturverdiar i området.

Tiltak	Status
Oppgradering av veg og sti til Surefjellet	Planlagt
Ny skilting til Surefjellet	Planlagt
Vedlikehald og nye sitjegrupper	Planlagt
Kunststi til Surefjellet	Langsiktig mål
Merking av sti til Lio og Hellandspresten	Planlagt
Sikring av gamle gruver	Planlagt

Vestbøstad velforeining

Vestbøstad Velforeining arbeider med fleire tiltak knytte til friluftsliv og nærmiljø.

Mål

- Utvikle attraktive nærmiljø- og rekreasjonsområde.
- Styrkje tilgangen til sjøen og friluftsområda.

Tiltak	Status
Merking av turstiar	Planlagt
Utbetring av gamle skulevegen	Planlagt
Rydding av strandområde	Planlagt
Sandvolleyballbane ved badestrand	Planlagt
Tursti langs sjøen	Planlagt
Rehabilitering av ballbinge	Utført

TILTAKSGRUPPA FOR MIDTFJELLET

Tiltaksgruppa for Midtfjellet er eit samarbeidsforum mellom Fitjar kommune, Fitjar idrettslag, Fitjar Fjellsameige og andre lag og organisasjonar. Gruppa

arbeider med utvikling og tilrettelegging av Midtfjellet som aktivitets- og friluftsområde.

Mål

Vidareutvikle Midtfjellet som regionalt aktivitetsområde.

- Styrkje tilrettelegginga for friluftsliv og eigenorganisert aktivitet.
- Forbetre tilkomst, skilting og vedlikehald.

PRIORITERTE TILTAK

Tiltak	Status
Krattrydding rundt frisbeegolfbana	Planlagt
Tursti rundt frisbeegolfbana	Planlagt
Kart og skilting for stinett	Planlagt
Vedlikehald av sykkelløype	Løpande
Hus over toalettanlegg ved Olstjørn	Planlagt
Grøfterensk og drenering langs vegen til Kidnavatnet	Planlagt
Vedlikehald av løype rundt Olstjørn	Planlagt

STATUS TILTAKSPLAN FOR MIDTFJELLET

Tiltak	Utført	Ikkje utført
Utviding av parkeringsplass	✓	
Frisbeegolfbane	✓	
Toalettanlegg	✓	
Utandørs treningspark	✓	
Sykkelløype	✓	
Skiløyper		✓
Akebakke		✓
Lysløype ca. 2,5 km	✓	
Akebakke/slalåmbakke med skitrekk		✓
Skeisebane		✓
Feltskytebane	✓	
Båt i Midtvatnet	✓	
Tilrettelegging for bading i fjellvatn		✓
Naturleikeplass		✓
Oppvarma basseng*		Utgått

* Oppvarma basseng er teke ut av planen og skal ikkje gjennomførast.

STATUS FOR PRIORITERTE TILTAK I HANDLINGSPROGRAM 2022–2025

År	Tiltak	Kostnad	Status
2022	E-sportsenter	400 000 kr	Utført
2022	Dagsturhytta Tveitakleivo	1 350 000 kr	Utført
2022	Treningsapparat Olstjødno	100 000 kr	Utført
2022	Rehabilitering av ballbinge Øvrebygda skule	120 000 kr	Utført
2022	Rundløype Osternes	1 476 236 kr	Utført
2022	Utvida/tryggja parkering Selevik skule	1 000 000 kr	Ikkje utført
2022	Tuftepark Selevik	300 000 kr	Utført
2023	Oppgradering gymsal Rimbareid skule (fase 1)	8 000 000 kr	Ikkje utført
2023	Oppgradering tursti Dalshaugane–Tveitakleivo	700 000 kr	Utført
2024	Oppgradering gymsal Rimbareid skule (fase 2)	7 000 000 kr	Ikkje utført
2024	Øvrebygda Arena	0 kr	Ikkje utført

OPPSUMMERING

Av 11 prioriterte tiltak i handlingsprogrammet for 2022–2025 er 7 gjennomførte og 4 ikkje gjennomførte. Gjennom dei gjennomførte tiltaka er det etablert og oppgradert fleire anlegg innan idrett, nærmiljøaktivitet og friluftsliv. Dei ikkje gjennomførte tiltaka bør vurderast vidare i ny planperiode ut frå behov, økonomi og prioriteringar.

HANDLINGSPLAN FOR PLANPERIODEN 2026-2029

Aktivitetsområdet ved rådhuset

Sentrumsparken «Blomster-Malvins Plass ved sida av rådhuset er mykje nytta og det vert gjort framlegg om utviding med fleire aktivitetsapparat. Tiltaket vil styrkja tilbodet for eigenorganisert aktivitet og gjera parken til ein endå meir attraktiv møteplass for barn, unge og familiar. Tiltaket er innarbeidd i økonomiplanen til Fitjar kommune med løyving i 2027.

Tiltak	Kostnad	Status
Nye aktivitetsapparat i Fitjar sentrum Aktivitetsomr ved rådhuset)	300 000 kr	Innarbeidd i økonomiplanen 2027

Gymsalen på Rimbareid skule
Gymsalen på Rimbareid skule er gammal og nedsliten, og det er behov for oppgradering for å sikra eit funksjonelt og attraktivt anlegg for fysisk aktivitet.

Anlegg	Kostnad	Kommunal finansiering	Status
Oppgradering av gymsal Rimbareid skule	Ikkje vurdert	Ikkje vurdert	Til vurdering i framtidig økonomiplan

Nytt 25-meters symjebasseng ved grunnskulen

Bakgrunn
Dagens symjebasseng ved grunnskulen er frå slutten av 1960-talet og har ei lengd på 12,5 meter. Etter Fitjar IL si vurdering er anlegget ikkje lenger tilstrekkeleg for dagens behov innan symjeopplæring, aktivitet og tryggleik i vatn.

Mål
Sikra eit moderne og framtidsretta symjeanlegg som styrkjer symjeopplæringa, fremjar fysisk aktivitet og aukar tryggleiken i vatn for alle aldersgrupper.

Tiltak	Ansvar	Prioritet	Status
Planleggja og realisera nytt 25-meters symjebasseng/badeanlegg ved grunnskulen	Fitjar kommune	Høg	Prioritert

Skildring
Fitjar er ein kystkommune der god symjekompetanse er særleg viktig. Eit nytt 25-meters symjebasseng ved grunnskulen vil gi betre rammer for symjeopplæring i skuletida, samstundes som anlegget kan nyttast av idrettslag, organisert aktivitet og innbyggjarane elles. Fitjar IL ønskjer at prosjektet vert prioritert i planperioden 2026–2029, med mål om oppstart i 2028. Finansieringa må i hovudsak vere eit kommunalt ansvar, eventuelt supplert med eksterne tilskotsmidlar.

Fleirbrukshall ved Fitjar idrettspark

Bakgrunn
Det er behov for meir innandørs kapasitet for idrett, fysisk aktivitet og fleirbruksføremål. Fitjar IL ønskjer difor at det vert planlagt ein ny fleirbrukshall som ein del av den vidare utviklinga av Fitjar idrettspark.

Mål
Sikra auka kapasitet og fleksible aktivitetstilbod for idrett, skule, barnehagar og andre brukargrupper gjennom heile året.

Tiltak	Ansvar	Prioritet	Status
Planleggja og etablera ny fleirbrukshall ved Fitjar idrettspark	Fitjar kommune i samarbeid med Fitjar IL	Høg	Prioritert

Skildring
Det bør utgreiast ein fleirbrukshall på inntil 40 x 60 meter med ei høgd på om lag 10-12 meter. Hallen skal vere eit fleksibelt anlegg som kan nyttast av idrettslag, grunnskule, barnehagar og andre lag og organisasjonar. Ei plassering ved Fitjar idrettspark vil styrkja området som kommunens sentrale aktivitetsarena og gi betre moglegheiter for aktivitet gjennom heile året. Prosjektet vert vurdert som eit langsiktig utviklingstiltak og bør gjennomførast i samarbeid mellom kommunen, Fitjar IL og andre aktuelle finansieringspartnarar.

Utviding av lokale for Fitjar IL sitt treningssenter

Bakgrunn
Fitjar IL sitt treningssenter i Fitjar Kulturhus har opplevd medlemsvekst dei siste åra, og dagens lokale er ikkje store nok til å møte dagens og framtidige behov.

Mål
Sikra tilstrekkeleg kapasitet og vidare utvikling av treningssenteret som eit lågterskeltilbod for fysisk aktivitet for alle aldersgrupper.

Tiltak	Ansvar	Prioritet	Status
Utvida eller etablera nye lokale for Fitjar IL sitt treningssenter i tilknyting til Fitjar Kulturhus	Fitjar Kulturhus i samarbeid med Fitjar IL	Høg	Prioritert

Skildring
Det bør planleggjast og etablerast større lokale for treningssenteret i tilknyting til Fitjar Kulturhus. Ei utviding vil gi betre kapasitet for dagens brukarar og leggje til rette for vidare vekst og utvikling av eit viktig lågterskeltilbod for fysisk aktivitet. Prosjektet bør gjennomførast i planperioden 2026–2029, med Fitjar Kulturhus som byggherre og i samarbeid med Fitjar IL og eventuelle andre finansieringspartnarar.

SMEDHOLMEN KYSTLAG – TILRETTELEGGING FOR FRILUFTSLIV OG KULTURMILJØ

Smedholmen Kystlag arbeider med tilrettelegging av Smedholmen som friluftsområde. Prosjektet omfattar nye bryggjer, oppgradering av sti og andre tiltak som skal betra tilkomsten og auka bruken av området.

Prosjektet omfattar mellom anna etablering av to bryggjer for betre ilandstiging med båt, oppgradering av stien mellom Kalvaneset og Smedholmen, samt andre tilretteleggingstiltak på Smedholmen. Tiltaka vil leggja til rette for auka bruk av området til friluftsliv, kystkultur og rekreasjon.

MÅL

- Betra tilkomsten til Smedholmen for allmenta.
- Sikra og vidareutvikla Smedholmen som eit attraktivt frilufts- og kulturmiljø.
- Leggja til rette for auka bruk av området gjennom betre infrastruktur.
- Ta vare på og formidla kystkulturelle verdiar.

TILTAK

Tiltak	Status
Etablering av 2 bryggjer ved Smedholmen	Planlagt
Oppgradering av sti Kalvaneset – Smedholmen	Planlagt
Tilretteleggingstiltak på Smedholmen	Planlagt
Forbetring av tilkomst for båttrafikk	Planlagt

FINANSIERING

Det skal søkjast om spelemidlar for dei delane av prosjektet som kjem inn under gjeldande tilskotsordningar for friluftslivsanlegg. Resterande finansiering er planlagt dekt gjennom andre tilskotsordningar og eksterne finansieringskjelder.

FITJAR SKYTTARLAG

Fitjar Skyttarlag planlegg etablering av elektroniske blinkar på 100-meterbanen. Tiltaket vil bidra til å modernisera anlegget og styrkja aktivitetstilbodet for både rekruttar og vaksne skyttarar. Prosjektet er fullfinansiert gjennom tildelte prosjektmidlar.

HANDLINGSPROGRAM 2026-2029

Tiltak	År	Kostnad	Finansiering/Status
Aktivitetsområde ved rådhuset	2027	300 000 kr	Til vurdering
Oppgradering av gymsal Rimbareid skule	Open	Ikkje vurdert	Langsiktig
Nytt 25 m symjebasseng	Open	Ikkje kostnadsrekna	Langsiktig

Fleirbrukshall ved Fitjar idrettspark	Open	Ikkje kostnadsrekna	Langsiktig
Utviding av lokale for Fitjar IL sitt treningssenter	Open	Ikkje kostnadsrekna	Prioritert
Tilrettelegging Smedholmen (bryggjer, stiar og tilkomst)	Open	3 650 000 kr	Open finansiering / Planlagt
Elektroniske blinkar på 100-meterbanen ved Fitjar skyttarlag	2028	1 500 000 kr	Finansiert gjennom prosjektmidlar

Avsluttande kommentar

Fitjar kommune har eit breitt og variert tilbod innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Planen byggjer på oppdaterte nasjonale føringar, der folkehelse, inkludering, universell utforming, eigenorganisert aktivitet, nærfriluftsliv og kunnskapsbaserte prioriteringar står sentralt.

Samanlikna med tidlegare planar er det lagt større vekt på aktivitet og deltaking gjennom heile livet, i tillegg til anleggsutbygging. Planen legg også større vekt på nærmiljøanlegg, attraktive ferdselsårer, møteplassar og lågterskel aktivitetstilbod som kan nyttast av alle aldersgrupper.

Dei nye føringane understrekar betydninga av tverrfagleg samarbeid mellom kommunen, frivillige lag og organisasjonar, grunneigarar og andre samarbeidspartnarar. Dette vil vere avgjerande for å møte framtidige behov og sikre gode aktivitetstilbod for både barn, unge, vaksne og den aukande gruppa eldre innbyggjarar.

Gjennom årleg rullering av handlingsprogrammet skal planen vere eit aktivt styringsverktøy for vidare utvikling av idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Fitjar kommune.

Planen er utarbeidd utan ein eigen frivilligdel. Kommunen tek sikte på å innarbeida frivillig sektor i samband med komande hovudrullering for å få eit eir heilskapleg styringsdokument.

KJELDER

Lover og forskrifter

- Friluftslova
- Plan- og bygningslova
- Folkehelselova
- Anleggsforskrifta (2026)

Nasjonale føringar

- Rettleiar for kommunal og fylkeskommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Spelemiddelregelverket
- FNs berekraftsmål

Fagkjelder

- Folkehelseinstituttet (FHI)
- Helsedirektoratet
- Miljødirektoratet
- Statistisk sentralbyrå (SSB)
- Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)

Lokale og regionale kjelder

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020–2040
- Kommuneplanen sin arealdel
- Barnetråkkregistreringar
- Universell utforming i Fitjar (2021)
- Plan for friluftslivets ferdselsårer